

Kjenslene etter nedlegging pregar folket på Hildre enno:

- Vi vil stå skulder ved skulder og støtte øyfolket

Erin Hildre ved Hildre Montessoriskule forstår godt folket på Nordøyane, som vil behalde skulane i bygdene.

- Det er ikkje noko problem å forstå reaksjonane, for våre eigne kjensler ligg framleis rett under huda hjå alle her på Hildre. Men, legg kommunen ned og dei vil starte opp med montessoriskule, så skal vi stå skulder ved skulder og støtte øyafolket i det.

BB – SVEIN SOLHEIM

Hildre skule vart vedtatt nedlagd i desember 2010, fortel Erin Hildre til Bygdebladet. 7. april feirar skulen 10 år.

- Men kommunestyret ga oss to års handlingsrom til å utdanne lærarar innan montessoripedagogikk, noko vi er evig takknemlege for.

Leve med eit spøkelse

Bygda hadde før dette levd med nedleggingsspøkelset sidan 1996, fortel Hildre

vidare.

- Skular vert rekna som hjartet i bygdene og alternativet utan skule er utenkjeleg. Så sjølv om privatskule og montessoripedagogikk var ukjent for dei fleste, var gleden stor 16. august 2012 når vi endeleg kunne opne dørene for våre første 39 elevar. Det skulle framleis vere liv og drivast skule i bygget som generasjonen før oss hadde kjempa så hardt for å få sett opp.



Som lærar på Hildre gjennom mange år, har Erin Hildre ingen problem med å forstå at folk på øyane kjempar for skulane sine.

Barnehage i same bygget

Erin Hildre opplyser at dei førebels ikkje har merka noko auka interesse frå føresette på øyane, for

privatskulen på Hildre.

- Per dags dato har vi 49 elevar på barnetrinnet og 14 på ungdomstrinnet, men vi har plass til fleire. I desse dagar inviterer vi

nye 5-åringar på besøksdagar, for å bli kjende både med miljøet og dei tilsette.

- De har offentleg barnehage der no. Men ønskjer

Montessori-barnehage på sikt?

- Det stemmer at det er barnehage i same bygget, noko som gir nært samarbeid og er ein svært viktig faktor for å få trygge barn inn i montessoriskulen. Men, montessoribarnehage er likevel målet, for å gi barna tidleg kjennskap til pedagogikken, noko som vil gi ein endå betre flyt inn i skulekvardagen.

Praksis og teori

I ein montessoriskule skal ein ha aldersblanda klasser og gi presentasjonar i små grupper, fortel Erin Hildre.

- Miljøet skal vere tilrettelagd dei ulike aldersgruppene og utvikling av sjølvstendigheit mot å gjere gode val av eigne aktivitetar skal stå sterkt i hevd. Praktiske oppgåver skal gå hand i hand med dei teoretiske.